

Ny vurdering av bruksegenskapar for dølahest, nordlandshest/lyngshest og fjordhest

I avlsplanane for alle tre rasar tel lynne 10% og bruksegenskapar vektast høvesvis 20%, 30% og 30%.

Lynne, eller temperament/mentale eigenskapar som vi har valt å kalle det, verkar sterkt inn på bruksegenskapane til hesten og om vi kan bruke hesten til det vi ynskjer.

Det er difor ikkje naturleg å dele desse i to grupper i avlsmålet og lynne/temperaments-/mentale eigenskapar må sjåast som ein del av bruksegenskapane. Ei slik deling vil i tillegg kunne føre til at temperamentsfaktoren blir vekta dobbelt.

Historisk sett har ein måla bruksegenskapar gjennom karakterar/poeng på avlagte køyre og rideprøver, samt ei lynnevurdering under eksteriørdøminga på utstilling. Undersøkingar av resultat utstillingsresultat frå mange dyr syner jamvel at variasjonen i desse poenga/karakterane som ein registrerer på utstilling i liten grad skuldast arv.

Arvegrad brukast som eit avlsfagleg mål på dette og strekk seg frå 0 til 1, der 0 tyder at variasjonen i denne karakteren *ikkje* skuldast arv og 1 tyder at variasjonen i karakteren/eigenskapen skuldast arv.

Døme på arvegrad på dei ulike karakterane for bruksegenskapar og temperament på utstilling er som følgjer:

Køyreprøve:

Arvegrad for-/fråspenning: **0,08**

Arvegrad rørsler: **0,12**

Arvegrad køyring: **0,04**

Arvegrad arbeidsvilje: **0,16**

Lynne

Arvegrad lynne bruksprøvedomar: **0,19**

Arvegrad lynne eksteriørdomar: **0,16**

Arvegrad lynne veterinær: **0,31**

Trass i desse funna veit vi erfaringsmessig, at ein del ting ved brukshesten går att frå generasjon til generasjon. Dette tyder på at måten vi registrerer bruksegenskapar/lynne i form av karakterar på visse øvingar er ikkje er hensiktsmessig/er for kompleks og at for mykje av miljøet gjenspeglast i dei ulike karakterane.

Frå naturen si side er ikkje hesten fødd til å vere ein spranghest/dressurhest eller køyrehest. Han er jamvel utstyrt med visse eigenskapar som gjer han meir eller mindre eigna til det eine eller andre, eller fleire område.

Dei nasjonale rasane har eit bredt avlsmål og vi ynskjer at dei skal kunne egne seg på fleire bruksområde og behalde den allsidigheita, som vi reknar som eit fortrinn.

For å bevare og/eller få framgang på fleire bruksområde må vi då registrere basiseigenskapar som er viktige for oss uavhengig av bruksgrein.

For å framgang/unngå tilbakegang må ein òg passe på at dei ulike eigenskapane vi vel å fokusere på ikkje har ein negativ genetisk samanheng.

Når det gjeld mentale eigenskapar vil det kunne vere mange ord som skildrar same eigenskapen og hestebukarar vil kunne legge ulikt innhald i tydinga til dei ulike omgrepa. Dersom ein spør ulike

hestebukarar kva som er viktig for dei, vil det soleis kunne vere hundrevis av ulike omgrep med like mange ulike tolkingar som blir drege fram som dei viktigaste eigenskapane hjå hesten. I avlssamanheng er det difor viktig at vi bestemmer oss for eit sett med eigenskapar, då for mange eigenskapar i avlsmålet vil gjere det vanskelegare å drive eit systematisk avlsarbeid, eller over eit lenger tidsperspektiv kunne oppnå framgang. Enno viktigare er det at vi er einige om kva vi legg i dei ulike omgrepa.

Eigenskapane bør vidare femne ein del ulike aspekt ved hesten, slik at vi kan danne oss eit godt bilete av brukseigenskapane til den einskilde hesten.

Arbeidsgruppa har, ut frå kva eigenskapar som historisk sett har vore viktig i dei ulike bruksgreinene, innsamla materiale om kva eigenskapar som er viktige for brukarar av dei nasjonale rasane, samt nyare forskingsresultat på brukseigenskapar hjå hest, trekt ut følgjande eigenskapar som ein ynskjer å registrere:

Gangartar – synt *laus/framfor vogn/under ryttar*

Desse eigenskapane påverkast av svært mange eksteriøre trekk og mentale eigenskapar. Ein ser det difor naudsynt å dele desse opp i enklare undereigenskapar og standardisere bedømminga for å kunne trekke ut den arvelege delen av desse eigenskapane.

Teknikk

Vurdering av korleis hesten brukar kroppen i ymse bruk. For fjordhest og nordlandshest/lyngshest delast dette i ein del undereigenskapar for i sprangdelen av bruksprøvene.

Arbeidvilje/framdrift (tradisjonell eigenskap)

Med dette meiner ein hesten sin naturlege vilje til å gå framover i ulikt arbeid, utan å stadig måtte få nye signal av handterar/kusk/ryttar. Viktig i alle bruksgreiner. Dette har tradisjonelt sett blitt vurdert i bruksprøvene.

Samarbeidvilje (tradisjonell eigenskap)

Med dette meiner ein hesten sin vilje til å effektivt reagere på handterar/kusk/ryttar sine signal og at den ikkje set seg i mot denne sine hjelparar, eller vil bestemme sjølv.

Spennings-/stressnivå

Vi ynskjer at hesten skal gjennomføre øvingane han blir sett til på ein naturleg og avspent måte. Høg grad av spenning/stress vil kunne føre til at han ikkje greier å utføre oppgåvene tilfredsstillande i ulike former for bruk, inkludert rekreasjon og næring. Dømesvis vil det då vere vanskeleg for han å vere *lausgjort*, noko som t.d. er viktig for konkurransehesten.

Mot

I det daglege arbeidet med hesten ynskjer vi at hesten ikkje skal vise stor grad av redsel for utfordringar som han møter i miljøet. Det vere seg trafikk eller andre ukjende ting som han måtte møte i miljøet. Dette kan seiast å vere like viktig for konkurransehesten som skal evne å prestere på ein ny stad med mange ukjende, turhesten som ein ynskjer skal vere trygg og god til rekreasjonsformål og kunne forsere hindringar i terrenget, eller for arbeidshesten som ein brukar i næring.

Evne til avreaksjon

Med tanke på at hesten frå naturen si side er eit byttedyr, ligg det i instinktet hans at han vil kunne vise ein viss reaksjon på framande/ting som han ser som potensielt truande. Vi ynskjer då at han, dersom han reagerer, skal kunne avregere raskt og deretter falle tilbake til ei roleg sinnsstemning. Eit anna aspekt av dette er at vi vil at han raskt skal kunne omstille seg frå arbeid i raskt tempo, til roleg avbalansert skritt. Eit døme på dette er galopp, etterfølgt av roleg skritt i eit dressurprogram. Eller overgangen frå raskt trav til stressfritt skritt ute på tur.

I tillegg til ei gradering av eigenskapane nemnt over, ynskjer ein å ha mogelegheit for å registrere (avkryssing for enten eller) om hesten viser **hissig** eller **aggresiv** framferd.

